

REGLEMENT FOR FORMANNSKAPET

1. PERIODE

Gjeldende formannskap er valgt for perioden 2019-2023.

2. VAL OG SAMANSETTING

Nord-Fron formannskap har sju medlemmer med varamedlemmer.

Medlemmene og varamedlemmene blir valde av og blant medlemmene i kommunestyret, jf. kommuneloven § 5-6. Valet holdes som forholdsval når minst eitt medlem krev det, og elles som avtaleval.

Dersom ein medlem fell frå eller blir løyst frå vervet, vel kommunestyret nytt medlem. Ho/han blir valt frå den gruppa som stod bak ho/han som gjekk ut. Dersom ordførar fell frå eller blir løyst frå vervet, skal det veljast ny ordførar sjølv om det tidlegare er vald varaordførar.

3. AVGJERDSRETT

Formannskapet gjer vedtak innafor dei rammene og etter dei retningslinene som er fastsett i lov, i medhald av lov eller er vedtatt av kommunestyret.

I tillegg til hastesaker, jf. kommuneloven § 11-8, kan formannskapet etter delegering frå kommunestyret ta avgjerd i mellom anna følgjande saker:

- a) Budsjettreguleringar, jf. eige økonomireglement.
- b) Fråsegn om spørsmål som kommunen har til høyring, og som formannskapet ikkje vil leggje fram for andre organ.
- c) Formannskapet vedtek lønsfastsetting til kommunedirektøren etter forslag til protokoll frå dei 2 folkevalde medlemane i administrasjonsutvalet som har gjennomført medarbeidarsamtale med kommunedirektøren.

Utfyllande og meir konkret oversikt over formannskapet sin avgjerdsrett går fram av delegeringsreglementet.

4. MØTE

- a) Formannskapet skal ha møte når det sjølv har vedtatt det, eller når ordføraren eller minst tre av medlemmene ønskjer det, jf. kommuneloven § 11-2.
- b) Formannskapet blir til vanleg kalla inn skriftleg med fem dagars varsel. Sakskart med vedlegg blir sendt ut elektronisk. Saksdokumentata blir kunngjort/lagt ut til gjennomsyn på Nord-Fron kommune si heimeside.

- c) Formannskapet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades og røystar i vedkomande sak. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal i andre saker enn val avgjer røysta til møteleiaren.
- d) Kommunedirektøren og eventuelt den som møter på hans/hennar vegne har tale- og forslagsrett i formannskapsmøta.
- e) Utskrift av protokoll blir sendt ut elektronisk.
- f) Formannskapet sine møte er opne, med unntak av særskilte vedtak formannskapet gjer i den enkelte sak, jf. kommuneloven § 11-5.
- g) Saka ordet «fritt» er siste sak.
- h) Eventuelle spørsmål skal meldast inn til ordførar/møtleiar/kommunedirektør og servicetorg / post@nord-fron.kommune.no seinast tre dagar før møte.
- i) Ei sak som ikkje står på den utsendte saklista, kan bli tatt opp til ordinær behandling, dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av dei møtande medlemmene set seg imot det.
- j) Formannskapet har adgang til å holde møter som fjernmøte, jf. kommuneloven § 11-7.

5. PROTOKOLLTILFØRSEL

Ein representant eller eit mindretal kan krevja at det i møteboka blir teke med ei kort grunngjeving for sitt standpunkt. Kommunedirektøren kan også krevja det.

Ein protokolltilførsel kan bare nektas når det ligg føre særlege omsyn. Slike omsyn kan vera at grunngjevinga har ei sjikanerande form eller er unødig omfattande. Protokolltilførselen kan berre avvisast dersom 2/3 av dei møtande medlemmene krev det. Krav om protokolltilførsel må setjast fram i møtet.

6. KLAGE PÅ VEDTAK

Den/dei som er part i sak som etter forvaltningslova er definert som enkeltvedtak, har rett til å klage på vedtaket. Slik klage må setjast fram seinast tre veker etter at melding om vedtaket er teke imot (jf. forvaltningslova av 10.02.1967 kapittel VI).

Klage skal – i dei tilfelle det ikkje er fastsett særskilte reglar i særlovene – behandlast og avgjerast av klagenemnda i Nord-Fron kommune.

7. LOVHEIMEL OG ENDRING AV REGLEMENT

Dette reglementet er vedteke med heimel i kommuneloven av 22.06.2018 nr. 83. Utfyllande reglar om saksbehandling med vidare finst i denne lova.

Reglementet kan berre endrast av kommunestyret, etter at formannskapet og kommunedirektøren har hatt høve til å uttale seg.